




PC-EN OPNAR MOGLEGHEITER: – Lat borna lære å skrive ved å leike seg ved tastaturet. Så kan dei bruke det dei sjølve har skrive til å lære å lese, seier pioneren innan skrive- og leseopplæring Arne Trageton. Her viser han fram ei heil bok som ei jente i småskulen har laga på basis av desse prinsippa.

– Åmli kan bli ein spydspiss i skriveopplæring

– Åmli kan bli eit førebilete i regionen i skriveopplæring for førskuleborn, meiner Arne Trageton. Måndag og tysdag ga han kurs til foreldre og lærarar i den utradisjonelle pedagogikken sin.

■ **TEKST: PETER SVALHEIM**
■ **FOTO: HÅKON HOMME**

Lat ungane få boltre seg med å skrive bokstavar på pc allereie i førskulealder! Så kan dei gå på "oppdagarferd" i sine eigne, tilfeldige bokstavrekke og finne bokstavane i namnet sitt. Slik kan ungar heilt ned i to - treårsalderen komme til å knekke skrive- og lesekode, mykje tidlegare og rasare enn nokon hadde ant. Då møter dei òg optimalt førebudde

til skulen, når den tida kjem.

Lær å lese med pc

Dette er noko av budskapet dei om lag 25 førskule- og småskulelærarane frå Åmli og distriktet rundt fekk, då dei var samla til dagskurs på Elvarheim tysdag.

Kursdeltakarane var Arne Trageton. Dette fyrverkeriet av ein pensjonist (75) har skrive mange bøker om dette emnet, med titlar som "Lær å lese med pc". No reisser han Europa rundt med kursa sine.

– Ved å starte med skrivinga på pc, får borna ein meistringskjensle. Alt for mange får sitt fyrste nederlag i skulen når dei vert tvinga til å skrive handskrift. Motorisk er ikkje borna klare for noko så avansert før i tredje klasse, og gutane er seinare enn jentene. Sidan kan dei dra denne nederlagskjensla med seg gjennom heile skulen. Ved å

bruke pc, så slepp dei dette nederlaget, seier Trageton.

– Kan skje mykje på to år

Han meiner at om Åmli går inn for å bruke desse prinsippa, så kan det skje kolossalt mykje på to år.

– Kommunen vil bli eit førebilete innan skriveopplæring for barnehageborn, meiner Trageton bestemt, og pekar på tre ting:

– Åmli er eit lite samfunn. Dette gjer det enklare å gjennomføre eit prosjekt som omfattar alle. Dette prosjektet er desto viktigare for Åmli, som har som mål å stimulere borna så tidleg som mogleg, for å motverke sosiale problem. Ikkje minst har de Charlotte Aaser, som er ein fantastisk pådrivar.

Syng, les og snakk med meg

Charlotte Aaser er lei for prosjektet "Syng, snakk og les med

meg", som vil gjere ein så tidleg innsats som mogleg for å motverke sosiale problem blant born og familiar i Åmli.

– Ambisjonen er å kunne gjennomføre dette opplegget i barnehagane i Åmli. Vi har om lag 100 førskuleborn. Sjølv om dette vil byggje på frivilligheit frå familiar, så trur eg det skal vere lett å trekke inn dei fleste. Alle har datamaskinar heime. Det treng ikkje koste all verda, seier ho.

– *Er det meininga verkeleg at born skal lære å skrive og lese allereie i barnehagen?*

– Det er framleis ein del myter om at ein skal leike seg gjennom førskulealderen. Men meininga er at borna skal bli skoleparate. Når dei starter på skulen, vil dei oppleve eit hardare og meir krevjande læringsmiljø. Då er det bra å vere førebudd.



VILLE HA TRAGETON

●● Eg bestemte meg allereie før eg tok til som prosjektleiar for "Syng, snakk og les med meg", at eg ville få Arne Trageton hit til Åmli for å halde kurs, seier prosjektleiar og arrangør Charlotte Aaser (biletet).

Den seinaste tida har Trageton fått mykje fokus både på tv og i dei store avisane for skrive- og lesemetodane sine. Moro, synst Charlotte.

– Samstundes stussar eg over at det kjem så få. Trageton trekker 2000 på kurs i Sverige. Dette kurset rettar seg mot heile regionen, og det kjem det det 25.

Trageton sjølv synst ikkje det er for få.

– Her har vi nykelpersonane. Og så skal eg komme attende i februar - mars og ha eit oppfølgjarkurs. Innan då har kursdeltakarane fått som lekse å prøve prinsippa og metodane i barnehagane sine.

VIL PASSE PÅ

●● Måndag kveld var om lag 25 foreldre på eit liknande kurs med Arne Trageton på Elvarheim.

– Noko av responsen frå foreldra var at no vil dei vere merksamme og sjå til at skulen fylgjer fagplanen. Mellom anna heiter det i planen at elevane skal få ei individuell oppfølging, seier Arne Trageton.

"JA TAKK BEGGE DELAR"

●● – Budskapet frå Trageton er ikkje ukjent. Vi har mange datamaskinar på Dølemo skule, og førskuleborna har støtt syntest det har vore stas å prøve desse. No skal dei nok få sleppe til ved tastaturet litt meir systematisk, seier Liv Gunvor Ramse, som har vore lærar ved Dølemo skule i 30 år.

Ho ser ikkje innspela frå kursdeltakarane som eit "anten - eller"- val mellom datamaskin og handskrift.

– Vi skriv for hand frå fyrste dag. Her er det "Ja takk, begge delar".

Sakna Åmli skule på kurset

Lærarar opp til 4. klasse på småskulen var inviterte til kurset med Trageton. Frå Åmli skule kom éin.

■ **PETER SVALHEIM**

Kurset på tysdag var ope for alle 1-4. klasselærarar og førskulelærarar frå heile regionen. Men mange sakna lærarane frå Åmli skule.

– Vi skal ha felles møter med skulen om kva forventingar vi har til kvarandre. Så det hadde vore greit om lærarane var her, seier Evy Sandhaug, som er

styrar for Klokkgårdens barnehage.

Maria Bergan er lærar for fyrste klasse ved Åmli skule, og var den eine læraren som deltok på kurset.

– Frå tidlegare er eg van med å bruke pc i undervisinga også for fyrsteklassingane. Dette let seg veldig vanskeleg gjennomføre i Åmli, sidan pc-ane er innelåste i skap i eit anna bygg enn der vi har klasserommet vårt, fortel ho.

Retkor Tore Flottorp seier at han gjerne skulle ha sendt fleire lærarar på dette kurset.

– Men skulekvardagen er hektisk, og dette var kva vi kunne få til no. Mange av lærarane var forresten på kurset for foreldre, som Arne Trageton heldt på måndag kveld. Så tankene og prinsippa det er tale om her, er allereie mykje diskuterte på lærarværelset. Dette sivil, seier han.

– *Korleis er det med pc-ar på skulen?*

– Det er ikkje så bra stelt. Men no i desse budsjett-tidene er det mykje anna eg er enno meir uroa over, faktisk, seier Tore Flottorp.



LÆRARAR: Marie Bergan er lærar ved fyrste klasse på Åmli skule. Ho skulle gjere hatt fleire kolleger med seg. Til høgre er lærar Åse Kristine Mæsel Trydal ved Vegårshei skule.